

B E R G S Ø Y I D R E T T S L A G.

Årsberetning for 1964/65.

Denne årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 21. rekneskapsår nemleg frå den 28. okt. 1964 til 5. nov. 1965. Det er i denne periode holdt 1 ordinert styremøte og 1 medlemsmøte.

Det har i året som er gått vore halde 4 dansetillstellingar og 1 kaketombola, inntekta på dette har vore Kr. 3098.75. På alle fotball-kampane har det tillsamen kome inn Kr. 2864.79. Det vart i vinter arrangert prøver på Skøyteknappen som også ga nokre kroner i kassa. Av Herøy Komune har vi fått tilskudd på Kr. 4000.00. Nemast bør også at vi frå Statens Ungdoms- og Idrettskontor har fått tildelt ett sett gymnastikkmatter. Mattene er oppbevart på Bergsøy Sentralskule og skal nyttast både av skule og idrettslag, Men Bergsøy Idrettslag står som eier og er ansvarleg for at dei vert oppbevart og brukt på ein forsvarleg måte.

Fotball.

A-laget.

5.div. 1965 besto av desse laga: Aksla, Bergsøy, Brattvåg, Mauseivåg, Skarbøvik, Stranda, Vigra, og Volda. I motsetning til tidlegare år vart det før seriekampane tok til, i år berre spela ein treningskamp. Fleire av dei andre laga i 5. div. hadde vist stor aktivitet med tildels mange treningskampar bak seg. Vi var derfor spent på om vårt lag ~~derfor~~ kunne hevde seg i årets serie, dessuten var vi klar over att vi måtte bruke fleire juniorspelara på A-laget, så det var nokk av usikkerhetsmoment.

I fyrste kampen skulle vi ha heimekamp mot Vigra, eit lag vi frykta

avdi dei hadde vist solid form i fleire treningskampar. Vårt lag overaska og klarte 2-2 etter meget fin innsats. Vi såg etter dette meir optimistisk på framtida, og vi vart ikkje skuffa. Utfallet av dei andre vårkampane vart slik:

Bergsøy - Volda 4-1 , Mauseidvåg- Bergsøy 0-2
Bergsøy-Stranda 5-2 Aksla - Bergsøy 3-3
Bergsøy-Brattvåg 4-3 Skarbøvik-Bergsøy 3-3

Etter desse kampane låg Skarbøvik på topp med 13 poeng, Bergsøy som nr. 2 med 11 poeng og Brattvåg på 3. med 7 poeng. Sjansene for toppplasing og opprykk til 4. div. var derfor tilstede, og vi såg med x spenning fram til haustkampane. Fyrste kampen var på heimebane mot Skarbøvik. Våre spelara gjorde ein kjempeinnsats og ^(kunne) gå av bana med 2-1 seier. Laget var dermed på topp i 5. div. etter 8 kampar uten tap. I dei to neste kampane vart det uventa tap, på bortebane mot Brattvåg med 3-1 og på heimebane mot Aksla med 2-3. I dei ~~to neste~~ to neste vart det seier, på bortebane mot Stranda med 2-1 og på heimebane mot Mauseivåg med 2-0 . I dei to siste kampane vart det tap , begge på bortebane, Mot Volda 5-1 og Vigra 5-4 .

Sluttstillinga i 5.div. var dermed slik:

Skarbøvik	14	10-1-3	35-23	21 poeng
Bergsøy	14	7-3-4	37-32	17 "
Brattvåg	14	7-1-6	34-26	15 "
Stranda	14	7-0-7	32-33	14 "
Mauseidvåg	14	5-3-6	24-38	13 "
Aksla	14	4-4-6	21-26	12 "
Vigra	14	5-2-7	26-35	12 "
Volda	14	2-4-8	19-33	8 "

Altså ein fin 2. plass og opprykkning til 4. divisjon. Det har vore nytta 24 forskjellige spelara på A-laget og 9 av desse er juniorer. Alle skal ha honør for god innsats. Statistikken over antall kampar på kvar ser slik ut:

Gunnar Kjellstadli	14	Sigleif Karlsen, junior	5
Asmund Myklebust	14	Kjetil Reite	5
Sigmund Paulsen	14	Svennung Frøystad	5
Sverre Botn	12	Andreas Kvalsund, junior	4
Odd Berge, junior	11	Kjartan Fagerlund	4
Knut Reite	11	Jon Helge Kvalsvik	2
Ronald Moen, junior	10	Egil Leikanger	1
Oskar Wåge	10	Kolbjørn Wickstrøm	1
Eldar Eilertsen, junior	8	Asbjørn Røsås	1
Knut Selvåg, junior	8	Aksel Berge	1
Asbjørn Myklebust, junior	6	Tor Pettersen, junior	1
Kjell Almestad	6	Jan Dypvik, junior	1

Juniorlaget.

Det vart i år vedteke å stille med juniorlag i kretsserien istaden for guttelag. Juniorserien var delt i to avdelingar og vårt lag skulle spille mot Ålesund FK, Hareid, Hødd, og Mauseidvåg.

Vårkampane fekk dette utfall:

Bergsøy - Mauseidvåg	9-1	Hødd & Bergsøy	1-2
Bergsøy - ÅFK	2-1	Hareid - Bergsøy	1-2

Etter denne meget fine serie leda laget si avdeling uten å ha avgitt poeng. Dei to beste laga i kvar avdeling etter vårkampane får delta i Norgesmesterskapet for juniorer, og det var fyrste gong at vårt lag har kvalifisert seg til det. Men før vi kom så langt hadde 4 av spelarane reist ut til sjøss, og det var ikkje til å unngå at lagets slagkraft vart redusert, men tross det makta laget i fyrste NM-kampen å slå Langevåg's juniorer med 6-1. I neste runde skulle laget møte ÅFK, også her i Fosnavåg. Til denne kampen måtte laget ytterligere avgi to av spelarane til A-laget, vi kunne ikkje ~~derfor~~ vente at gutane skulle kunne hamle opp med ÅFK's gode juniorer som vant 8-0.

I juniorserien vart resultatet av haustkampane dette:

Mauseidvåg - Bergsøy	4-2	Bergsøy - Hareid	6-2
Ålesund FK - Bergsøy	3-0	Bergsøy - Hødd	4-2

ÅFK var dermed avdelingsvinnar og vårt lag nr. to. ÅFK vart også kretsmerter ~~ø~~ etter å ha slått Langevåg 3-1. Vi kan trykt sei at vi har ett av kretsens beste juniorlag.

På juniorlaget har desse spelarane delteke:

Knut Igesund	10	Jan Dypvik	4
Ronald Moen	10	Geirfinn Goksøy	4
Knut Teige	10	Leif Myklebust	4
Andreas Kvalsund	9	Harald Thorseth	4
Knut Selvåg	8	Sigleif Karlsen	3
Henry Måløy	7	Jarle Jøsokk	2
Per Worren	7	Jack Pettersen	2
Eldar Eilertsen	5	Tor Pettersen	2
Nils Frantsen	5	Gustav Frantsen	1
Asbjørn Myklebust	5	Håkon Harsvik	1
Odd Berge	4	Jan Harsvik	1

Guttserien.

Som kjent appellerte vi Sunnmøre Fotballkrets sin avgjørelse om straffesparkkonkurranse etter finalekampen om kretsmesterskapet i guttserien 1964. Vi fekk medhald hos Norges Fotballforbund, og nye finalekampar vart beramma til 29. nov. og 6. des. 1964. Men det var ikkje muleg å avvikle kampar så sent på året og dei måtte derfor utsettast til våren 1965. Finalekampen Bergsøy-Langevåg enda uavgjort 2-2, og returkampen i Langevåg vann langevåg med 3-1, og var dermed kretsmestre. Til siste kampen er å bemerke at 4 av spelarane dagen før hadde spela på A-laget i Mauseidvåg. Det bør unngås at juniorer spiller kamper 2 dagar på rad.

Sjølv om Bergsøy Gutteklubb ikkje direkte har tilknytning til Bergsøy Idrettslag synes det er på sin plass å nemne denne driftige klubb's innsats. Klubben deltar ~~...~~^{et} i Sunnmørsposten's gutteklubbcupp kvart år med lag og tok sin første aksje i den store vandrepokalen i 1962. Klubben gjentok bedrifta i år og vart mester i A-klassen, og har dermed to aksjar i vandrepokalen. Bergsøy Gutteklubb har gjennom åra vist å sette seg ettertrykkelig i respekt, og har gjennom presse og fjernsyn opparbeidd seg eit rykte det står glans av. Dersom årets mesterlag vil fortsette i same spor som sine forgjengere, skulle vi ha ein god stab med rekrutter, men det er ikkje dermed sakt

at vi kan sitte med hendené i fanget å vente på at dei skal verte gamle nokk til å putte inn på A-laget. Vi må stimulere dei til fortsatt trening og halde dei i aktivitet på guttelag og juniorlag.

Alt i alt må vi sei at fotballsesongen i år har vore vellukka, med god innsats av guttelag, juniorlag og A-lag.

Det vi har sakna er ein som kan lede treninga med myndigheit og gi instruksjon i teknikk og taktikk. Sunnmøre Fotballkrets stilte kretstrener Einar Ås gratis til disposisjon for vårt lag to gonger i haust. Vi fekk her eit innblikk i korleis treninga må og bør drivast om vi skal ha håp om å sette oss i respekt i 4. divisjon.

Innandørstøeninga vert i år som ifjor dreven i gymnastikksalen på Bergsøy Sentralskule, og det vert trena to gonger for veka. Som ifjor er gymnastikksal og symjebasseng stilt gratis til disposisjon mot at vi stiller badevakter i bassenget kvar torsdag, då det er offentleg badedag.

Handball.

Det har i år ikkje vore annmeldt lag til kretsserien i handball.

Idrettsannlegget.

På idrettsannlegget har det også i år berre vore gjort vanleg vedlikehaldsarbeid. Blant anna er taket på klubbhuset smurt med taklakk. Med tanke på at vi neste år skal spille i 4. div. skulle forskjellige ting ha vore gjort. Hovudveita frå bana og ned til veien ~~sk~~ må gravast opp att då hø er gjønngrodd slik att vatnet ikkje får avløp. Visse områder på bana skulle ha vore påført grus, og det hadde og vore ~~ynskje~~ ynskjeleg at klubbhuset vart opppussa litt. Med tanke på eventuell grasbane skulle vi også ha kvitta oss med låna på annlegget, så her er nokk av oppgaver for den som vil gjere ein innsats for å skaffe pengar i kassa.

Tillitsverv.

Hovedstyre.

Formann: Eystein Botn
Nestformann: Gunnar Kjellstadli
Kasserer: Ingvald Stenersen
Sekretær: Perry Pettersen
Styremedlem: Asmund Myklebust

Varamenn: Frants G. Frantsen, Peder Worren, Nikolai Rånes.

Revisorer: Peder Worren, Elias Hansen

Oppmann, fotball: Jon Stenersen

UK-nemd : Jon Stenersen, Sigmund Paulsen, Nikolai Rånes

Varamenn: Petter K. Pettersen, Asmund Myklebust.

Banenemd: Roger Huldal, Perry Pettersen, Geirfinn Goksøyr, Henry Måløy
Jarle Brekke, Jan Harsvik.

~~Klubbhusnemnd:~~

Oppmann juniorer: Eldar Eilertsen

Klubbhusnemnd: Eldar Eilertsen, Geirfinn Goksøyr

Materialforvalter: Harald Arnesen, Sigmund Paulsen

Arkivar : Perry Pettersen

Kontrollnemnd: Finn Voldnes, Elias Hansen

Friidrettsnemnd: Jarle Brekke, Egil Leikanger, Perry Pettersen,
Eldar Eilertsen.

Arrangementskomite: Roger Huldal, Harald Arnesen, Jarle Brekke,
Sigmund Paulsen, Margot Roksvåg, Arnhild Tøllås.

Damegruppa.

Formann: Asgeir Ramstad

Utsendingar til Sunnmøre Fotballkrets og Sunnmøre Idreskrets sine
årlige ting: Egil Leikanger Og Asmund Myklebust.

På vegne av det gamle styret vil jeg takke medlemmer og tillitsmenn
for det arbeid som er utført i året som gjekk, og ynskje dei nye
tillitsmennene alt godt med det vidare arbeid for laget.

Fosnavåg 6. nov. 1965

Bergsøy Idrettslag

Eystein Botn